

Påskekafè hos Elins Matgleder.

10.04.2017



Påskekafè hos Elins Matgleder.

Denne påska tilbyr Elins Matgleder på Nedre Feet påskekafè med same opningstider som det er i butikken. Den vert i 2.etasje i bakehuset og ein kan nytta seg av tilbodet mandag, tirsdag(10-16), onsdag(10-15) og påskeaftan (10-14). Dersom responsen vert god vurderer Elin Enes å ha ein sommarkafè i juli.



[Tirsdag vert det m.a. servert tacosuppe.](#)

Elin fortel at ho i dag vil laga nokre gode smørbrød av nybakt brød i tillegg til bollar og kaker. I morgon, tirsdag, vert det dessutan servert tacosuppe frå kl.12. Då kan ein eta så mykje ein vil for 129 kr. Born under 10 år får halv pris. Suppa er fri for gluten, melk og egg. Desse dagane vil Elin ha god hjelp av dottera Anine Enes og ei jente som heiter Elisabeth Skjoldal.

Elles har dei som alltid nybakte brød og kaker. I tillegg er bakehuset fullt av delikatessar, skikkeleg kaffi, te, krydder, honning, kjeks m.m. medan den nye silobutikken er full av flotte interiørvarer, opplyser Elin Enes.

Med påskekafeen på plass er dette eit godt alternativ når ein ønskjer å slappa av med noko godt no i påska.

På facebook-sida til Elins Matgleder er det jamnlege oppdateringar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Elins Matgleder og Thor Inge Døssland